

KOMMISJONSVEDTAK

av 26. januar 1999

om gjennomføring av rådsdirektiv 72/166/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om ansvarsforsikring for motorvogn og kontroll med at forsikringsplikten overholdes(*)

[meldt under nummeret K(1999) 109]

(1999/103/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 72/166/EØF av 24. april 1972 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om ansvarsforsikring for motorvogn og kontroll med at forsikringsplikten overholdes⁽¹⁾, sist endra ved direktiv 90/232/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 2 nr. 2 og artikkel 7 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

Det sambandet som no finst mellom dei nasjonale forsikringsbyråa i medlemsstatane og i Noreg, Sveits, Ungarn, Den tsjekkiske republikken, Slovakia, Island og Slovenia, slik dei er definerte i artikkel 1 nr. 3 i direktiv 72/166/EØF (heretter kalla «byrå»), og som er det praktiske middelet til å avskaffe kontrollen av forsikring for motorvogner som til vanleg høyrer heime på territoriet til desse statane, er regulert ved følgjande avtaler som kjem i tillegg til standardavtala av 2. september 1951 mellom dei nasjonale forsikringsbyråa om ordninga med grønt kort («tilleggsavtaler»), og som vart gjorde

- 12. desember 1973 mellom byråa i dei ni medlemsstatane og byråa i Austerrike, Finland, Noreg, Sverige og Sveits og utvida 15. mars 1986 til å omfatte byråa i Portugal og Spania og 9. oktober 1987 til å omfatte byrået i Hellas,
- 22. april 1974 mellom dei 14 opprinnelege underskrivarane av tilleggsavtala av 12. desember 1973 og byrået i Ungarn,
- 22. april 1974 mellom dei 14 opprinnelege underskrivarane av tilleggsavtala av 12. desember 1973 og byrået i Tsjekkoslovakia,

- 14. mars 1986 mellom byrået i Hellas og byråa i Tsjekkoslovakia og Ungarn.

Kommisjonen gjorde deretter vedtak 74/166/EØF⁽³⁾ og 74/167/EØF⁽⁴⁾ av 6. februar 1974, 75/23/EØF⁽⁵⁾ av 13. desember 1974, 86/218/EØF⁽⁶⁾, 86/219/EØF⁽⁷⁾ og 86/220/EØF⁽⁸⁾ av 16. mai 1986 og 88/367/EØF⁽⁹⁾, 88/368/EØF⁽¹⁰⁾ og 88/369/EØF⁽¹¹⁾ av 18. mai 1988 om gjennomføring av direktiv 72/166/EØF, der kvar medlemsstat vert pålagd å avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for motorvogner som til vanleg høyrer heime på det europeiske territoriet til ein annan medlemsstat eller på territoriet til Ungarn, Tsjekkoslovakia, Sverige, Finland, Noreg, Austerrike og Sveits, og som tilleggsavtalene omfattar.

Byråa har gått gjennom og samla tekstene til tilleggsavtalene og bytt dei ut med ei einskild avtale («den fleirsidige garantiavtala») som vart gjort 15. mars 1991 etter prinsippa i artikkel 2 nr. 2 i direktiv 72/166/EØF.

Kommisjonen gjorde deretter vedtak 91/323/EØF⁽¹²⁾ av 30. mai 1991, der tilleggsavtalene der medlemsstatane vert pålagde å avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for motorvogner som til vanleg høyrer heime på det europeiske territoriet til ein annan medlemsstat eller på territoriet til Ungarn, Tsjekkoslovakia, Sverige, Finland, Noreg, Austerrike og Sveits, vert oppheva og bytte ut med den fleirsidige garantiavtala med verknad frå 1. juni 1991.

Kommisjonen gjorde vedtak 93/43/EØF⁽¹³⁾, der kvar medlemsstat vert pålagd frå 1. januar 1993 å avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for motorvogner som til vanleg høyrer heime på territoriet til Island, og som kjem inn under

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 33 av 6.2.1999, s. 25, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 117/1999 av 30. september 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF L 103 av 2.5.1972, s. 1.

(2) TEF L 129 av 19.5.1990, s. 35.

(3) TEF L 87 av 30.3.1974, s. 13.

(4) TEF L 87 av 30.3.1974, s. 14.

(5) TEF L 6 av 10.1.1975, s. 33.

(6) TEF L 153 av 7.6.1986, s. 52.

(7) TEF L 153 av 7.6.1986, s.53.

(8) TEF L 153 av 7.6.1986, s. 54.

(9) TEF L 181 av 12.7.1988, s. 45.

(10) TEF L 181 av 12.7.1988, s. 46.

(11) TEF L 181 av 12.7.1988, s. 47.

(12) TEF L 177 av 5.7.1991, s. 25.

(13) TEF L 16 av 25.1.1993, s. 51.

den fleirsidige garantiavtala av 15. mars 1991 mellom nasjonale forsikringsbyrå.

På grunnlag av tilføyinga av 17. september 1993 endra byråa den fleirsidige avtala slik at ho omfattar Den tsjekkiske republikken og Slovakia.

Kommisjonen gjorde deretter vedtak 97/828/EF⁽¹⁾ av 27. oktober 1997, der den fleirsidige garantiavtala vart utvida til å omfatte Slovenia frå 1. november 1997.

Kroatia underteikna den fleirsidige garantiavtala 17. september 1998 –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Frå 1. februar 1999 skal kvar medlemsstat avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for motorvogner som til vanleg

høyrrer heime på territoriet til Kroatia, og som kjem inn under den fleirsidige garantiavtala av 15. mars 1991 mellom nasjonale forsikringsbyrå.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal straks melde frå til Kommisjonen om dei tiltaka som er gjorde for å gjennomføre dette vedtaket.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 26. januar 1999.

For Kommisjonen

Mario MONTI

Medlem av Kommisjonen

⁽¹⁾ TEF L 343 av 13.12.1997, s. 25.